



## Møtereferat

### Samarbeidsutval Halbrend barnehage

<b>Møtedato:</b>	<b>23.03.2021</b>	<b>Møtestad:</b>	Halbrend barnehage
------------------	-------------------	------------------	--------------------

<b>Møtt</b>	<b>Ikkje møtt</b>
Tore Finsveen Midtbø - foreldre Mariell Vilnes- foreldre Line Sunde Farsund- tilsette Asiya Leonhardsen- tilsette Beate Øvrebø- Sunnfjord kommune Eva Omdal Følling- ass.einingsleiar Kari Naustdal- einingsleiar	

<b>Møteleiar:</b>	<b>Kari Naustdal</b>	<b>Møtereferent:</b>	<b>Kari Naustdal</b>
-------------------	----------------------	----------------------	----------------------

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel, omtale og konklusjon</b>
01/21	<p><b>Velkomen – presentasjon:</b></p> <p>For å gjennomføre møte fysisk, jfr. smittevernreglane, måtte vi redusere tal deltakarar. Foreldrerepresentantane vart valde før møtet og Beate Øvrebø frå Sunnfjord kommune deltok via Teams. Då var vi 6 deltakarar i møterommet og heldt oss godt innfor jfr. smittevernreglane.</p> <p>Gjennomgang av saklista: ingen innspel til saklista, heller ikkje saker under eventuelt.</p>
02/21	<p><b>Arbeidsutval – samarbeidsutval- oppgaver/ansvar</b></p> <p>Oppgaver/ansvar - viser til saksutgriinga.</p> <p>Val av foreldrerepresentantar og vararepr. til SU: Einingsleiar fekk støtte for at det var praktisk å velje foreldrerepresentantar slik at alle avdelingane var representerte i SU med ein representant eller ein vara. Valet skal skal gjerast på foreldremøte om hausten. Det vil bli laga ei oversikt over ansvar/oppgaver og representantar som blir lagt ut på barnehagen si heimeside.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p><b>Tore Finsveen Midtbø</b> - foreldrerepresentant Himmelblå/Månelys  <b>Eli Tjørhom</b> - vararepresentant Himmelblå/Månelys  <b>Mariell Vilnes</b> - foreldrerepresentant Solstråle/Stjernetoppen  <b>Rebekka Wilhelmsen Solheim</b> vararepresentant Solstråle/Stjernetoppen  <b>Line Sunde Farsund og Asiya Leonhardsen</b> - tilsette            Line Sunde Farsund vart valt til leiar og Tore Finsveen Midtbø til nestleiar.            Leiar og nestleiar skriv under protokollen.</p>

06/21	<p><b>Dispensasjon frå pedagognorma 2021/2022</b></p> <p>Ingen innspel i møtet</p> <p><b>Forslag til uttale:</b> Samarbeidsutvalet i Halbrend barnehage støttar søknaden om dispensasjon frå pedagognorma for barnehageåret 21/22, grunngjeve med at det ikkje er nok ledige stillingar i barnehagen. Samarbeidsutvalet ser behovet for auka pedagogisk bemanning og ber om at det blir jobba med å finne løysingar slik barnehagen tilfredstiller kravet til pedagogisk bemanning som lova set.</p> <p><b>Uttale frå SU:</b> <i>Samarbeidsutvalet i Halbrend barnehage støttar søknaden om dispensasjon frå pedagognorma for barnehageåret 21/22, grunngjeve med at det ikkje er nok ledige stillingar i barnehagen. Samarbeidsutvalet ser behovet for auka pedagogisk bemanning og ber om at det blir jobba med å finne løysingar slik barnehagen tilfredstiller kravet til pedagogisk bemanning som lova set.</i></p>
07/21	<p><b>Årsplan 2021</b></p> <p>Innleiing i møte frå assisterande einingsleiar, Eva Omdal Følling.</p> <p>Samarbeidsutvalet ga oss for nokre år sida tilbakemelding knytt mot årsplanen der dei utfordra oss på å være tydelegare på identiteten vår som barnehage. Dette har vært jobba med og endringane vi gjer i årsplanen ser vi som eit ledd i dette.</p> <p>Vi ynskjer å være ein barnehage der gode kvardagar er i fokus. For oss betyr dette fokus på trygghet – tilknytning – relasjonar og eit godt inkluderande barnehagemiljø. Målet er at dette skal vise igjen i årsplanen vår. Denne identiteten og verdiane er grunnlaget for alt arbeid også når vi jobber med ulike tema gjennom året.</p> <p>Årsplan arbeid er ein kontinuerleg prosess som føregår i heile personalgruppa. Det handlar om fagleg utvikling og refleksjon rundt arbeidet vårt. Dette skal vise igjen i årsplanen, og vi har forsøkt gjort dette ved å trekke fram og sei noko om fokusområdene vi har hatt i 2020 og som vi jobbar vidare med i 2021.</p> <p>Innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- det var eit ønskje om å gå meir på tur ut av barnehagen sitt området</li> <li>- kunne nytte gymsalen/hallen på Halbrend</li> </ul> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Årsplan for Halbrend barnehage 2021 blir vedtatt slik den ligg føre.</p> <p><b>Vedtak:</b> <i>Årsplan for Halbrend barnehage 2021 blir vedtatt slik den ligg føre.</i></p>
08/21	<p><b>Eventuelt</b> – ingen nye saker kom opp</p>

Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.

Referatet er godkjent:



Line Sunde Farsund

-leiar



Tore Finsveen Midtbø

- nestleiar